

## Forventningar om betre trafikksikring i Uskedalen

03.02.2009



På Ljosnes møtte Ingbjørn Steen (Statens Vegvesen) og Ivar Kåre Døssland (kommunen) Erlend Moen, Svein Bøyum og Vebjørn Bøyum. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Eg har ikkje budsjett, presiserte avdelingsingeniør Ingbjørn Steen frå Statens Vegvesen på Voss fleire gonger då han tysdag var på synfaring av trafikktilhøva fleire stader i Uskedalen. Men synfaringa skapte likevel forventningar om snarlege investeringar i sikringstiltak i bygda.**



Ivar Kåre Døssland frå kommunen og Ingbjørn Steen frå Statens Vegvesen ved Kornes-avkøyringa. (Foto: Ola Matti Mathisen)  
Dette var dei aktuelle prosjekt som Steen var innom saman med vegansvarleg Ivar Kåre Døssland i kommunen:



Kjetil Hauge (leiar i Halsabrotet Vel, ståande i midten) ynskjer privat busskur ved riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

\* Opparbeiding av ein fullverdig busslomme på sjøsida og ein rommeleg buss-stopp på den andre sida av riksvegen på Ljosnes. På grunn av det bratte terrenget må det lagast ein mur på sjøsida. Truleg vil kostnaden bli rundt rekna 400.000 kroner og kommunen har berre 150.000 til føremålet på årets budsjett. Resten må dekkast av Statens Vegvesen, men når det kan skje er uvisst. Kommunen vil gjerne sleppa å betala 50.000-60-000 i året i ekstra skyssutgifter for elevar.

Løysing av grunnsprøsmålet verkar problemfritt.

Steen og Døssland møtte Erlend Moen, Svein Bøyum og Vebjørn Bøyum på Ljosnes.

\* Trafikksikring ved avkøyringa frå Korsnes. Kommunen har bedt om forlengjing av 50-sona, gangfelt og nytt bussskur. Ingebjørn Steen sa tysdag at ein del av problemet vil vera løyst ved oppsettjing av eit skur, som kjem på 50.000 kroner. Men vegvesenet har lange prioritetslister for bussskur. Med omsyn til fartsgrensa må denne først vurderast av politiet og nye gangfelt "sit langt inne", påpeika Steen.

\* Halsabrotet Vel har sendt inn plan om oppsettjing av eit privat buss-skur ved riksvegen og er også viljug til å ta ansvar for vedlikehaldet. Steen peika på at det så langt ikkje er gjeve grønt lys for private bussskur inntil ein riksveg her i landet, men medga at det er eit positivt initiativ som han skal leggja fram for sin sjef. Leiar Kjetil Hauge i Halsabrotet Vel var med på synfaringa.

\* Steen og Døssland møtte rektor Vidar Haugland, som opplyste at aksjonen for å få færre foreldre til å stoppa i busslomma har verka positivt. Skulen ynskjer at det skal skiltast med innkøyringsforbod i busslomma for private i skuletida, men det er ikkje mogleg på grunn av regelverket. Det er tillete å sette av og ta inn passasjerar, men ikkje å parkera.

Skulen ynskjer også opphøgd fotgjengarfelt og 40 kilometers fartsgrense ved busslomma, men dette må i første omgang leggjast fram for politiet.

Av Ola Matti Mathisen